

Kopi til:

Til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vurdering av oppdragsansvarlig revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune

I følgje forskrift om revisjon av 15.6.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år leggje fram ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til fylkeskommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidrarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet. I SF revisjon IKS sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i fylkeskommunen sitt revisionsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

- *vere tilsett i andre stillingar i fylkeskommunen eller i verksemd som fylkeskommunen deltek i,*
- *vere medlem av styrande organ i verksemd som fylkeskommunen deltek i*
- *eller ha funksjonar i annan verksemd når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretak revisjon*
- *eller ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektingar) som har slik tilknyting til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.*

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande etterhald:

- revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
- revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - fylkeskommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.m. etter domsstollov.
- det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i stillingar som har direkte eller indirekte verknad på Sogn og Fjordane fylkeskommune eller selskap/verknader som på nokon måte kan knyttast til Sogn og Fjordane fylkeskommune.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som fylkeskommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærståande	<i>Underteikna har ikkje nærståande som har tilknyting til Sogn og Fjordane fylkeskommune, som har verknad for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune som kjem i konflikt med denne avgjersla.</i></p> <p><i>For slike tenester vert utført av SF revision IKS, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utovinga av slik teneste kjem i konflikt med reglar i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor svarer dagleg på spørsmål og framlegg som er å sjå på som rettleiring og bistand i det laupande forvaltningsarbeidet i fylkeskommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under fylkeskommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.m.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune som hoyer inn under fylkeskommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller SF revision IKS for tida opptrer som fullmektig for Sogn og Fjordane Fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune.</i>

Med vennleg helsing

Marianne Vara

Marianne Vara

Oppdragsansvarlig revisor